

Til Lindås kommune

Lindås, 22.02.2014

Søknad om tilskot til mikrofonar

Lindås Ungdomslag søker med dette om tilskot til mikrofonar i samband med grunnlovsjubileet i 2014. Laget har 4 teatergrupper med medlemmer i alle aldersgrupper. Me har også eiga Foto& Video gruppe som arbeider tett på de ulike teatergruppene.

I samband med jubileet i 2014 planlegg Lindås ungdomslag ei framsyning kalla «*Grunnlov og nostalgia*», med premiere 17.mai 2014.

Til førestillinga treng me eit nytt sett med mikrofonar. LUL har i dag 5 "mikrofonpakker" bestående av 4 mottakarar montert saman og 20 sendarar ("myggar"), som aktørane har på seg. Me har over mange år opparbeida oss ein mikrofonpark med 20 sendarar/mottakarar. Dette har kosta oss omlag 125 000 kr.

Regjeringa har vedteke at frekvensområdet me nyttar til desse mikrofonane berre er tillete i bruk ut 2013. Sidan det blir forbode å bruke vårt system frå januar 2014, treng me difor ny mikrofonpark. Me treng i første omgang 16 sett mikrofonar til grunnlovsjubileet i år :

Vedlagt budsjett for mikrofonar:

Budsjett mikrofonar			
Mipro ACT-74 (6UA, 626MHz - 698MHz), 4-kanals bredbåndsmottaker	4	11995	47980
Mipro ACT-70T (6UA, 626MHz - 698MHz), Lommesender bredbånd	16	3250	52000
Mipro AD-707a, bredbånds antennesplitter for UHF (470~850MHz)	1	4995	4995
			104975

Dette er utstyr som alle gruppene i laget vil ha stor nytte av i framtida.

Kontaktperson budsjett mikrofonar: Svein Gjelsvik
Kontaktperson budsjett kulissar: Bjørn Olav Benjaminsen.

Me vonar på positivt svar
Med venleg helsing
Lindås Ungdomslag

v/Søknadsansvarleg for Styret
Janne Steinsund